

## **DØME PÅ:**

### OMGJERING AV HEIMEHJELPSHJEMMEL TIL VERNEPLEIARHJEMMEL I BUSTØLVEGEN BORETTSLAG.

I Bustølvegen borettslag har vi fire 100% stillingar, to vernepleiarstillingar, ei helsefagarbeidarstilling, ei heimehjelpstilling. Pr dagsdato går alle desse i medleverturnus der dei arbeidar to eller tre døgn samanhengande. Om vi får fortsetje med denne typen turnus er pt ikkje avklart, men saman med dei tillitsvalte arbeidar vi for å få dette til.

Uavhengig av om vi får fortsetje å arbeide på denne måten eller må endre til langvakter, er det trong for å styrke fagkompetansen i høve desse brukarane. Det viser seg at desse brukarane er krev meir ressursar enn vi fyrst trudde. Fagpersonar frå Habilitetstenesta har vore til stor hjelp for oss, men for at kunnskapar og informasjon skal bli vidareført til den enkelte brukar og miljøet er vi avhengig av tilstrekkeleg fagpersonar på dei ulike vaktene.

Vi ber om at heimehjelpshjemmelen vert endra til ein vernepleiarhjemmel. Den personen som har heimehjelpsstillinga har fått tilbod om stilling elles i heimetenesta.

Denne endringa medfører ein ekstra kostnad på kr 49000 som vi må finne dekning for i budsjettet ved reduksjon i inntak av ferievikarar og sjukevikarar.

Britt Romarheim 01.12.2015